

Sakliste for møte i felles brukarutval i Sogn og Fjordane

Dato: 20.mars 2023

Tid: 11.00 - 16.00

Stad: Stryn kulturhus

Leiar: Marita Aarvik

Deltakarar		
Namn	Organisasjon	Fråvær
Marita Aarvik	FFO (LHL)	
Jan-Tore Odd	FFO (LHL)	
Cesilie Udberg Helle	FFO (Mental helse)	x
Ruth Berit Garfors	FFO LPP	x
Arne Hovland	FFO	
Solfrid Fossberg	Sogn og Fjordane pensjonistforbund	
Magne Sellevold	Kreftforeningen	
Tom André Faye	A-larm	x
Stein Erik Øvrebø	SAFO	
Lene Hetle	SAFO	x
Grethe Fischer	Kommunalt råd	
Gunn Karin Sande	Fylkeskommunalt råd	
<i>Elin Therese Sørboten</i>	<i>KS/Førde kommune</i>	
<i>Børge Tvedt</i>	<i>Helse Førde</i>	
Tid	Sak	Tema
11.00	8/ 23	Godkjenning av innkalling og sakliste Velkomsthelsing leiar med kort orientering om FBU Kva er felles brukarutval si oppgave for kommunane, og korleis kan dette organet nyttast av kommunane
11.20	9/23	Gjensidig presentasjonsrunde
11.50	10/23	Innlegg frå kommunalsjef helse Heidi Vederhus og utvalsleiar i Stryn kommune
12.05	11/23	Innlegg frå kommunalsjef helse Gunnhild Gimmedstad og utvalsleiar i Gloppen kommune
12.20	12/23	Innlegg frå stabsleiar for strategi og samordning Kristin Otneim Aarsnes og leiar i eldrerådet Lars-Svein Drabløs i Stad kommune
12.35	13/23	Oppsummering – til dialogen etter lunch
12.45	Matykt - beinstrekk	
13.45	13/23	Dialog v/ Jan Tore Odd <ul style="list-style-type: none"> • Kva utfordringar er størst i helsetenesta i kommunane i dag? • Korleis nyttar kommunane brukarepresentantar i planleggingsarbeid? • Kan brukarutvala brukast enda bedre enn dei vert brukte i dag?
15.00	14/23	Open post – brukarane sin time <ul style="list-style-type: none"> • Økonomirapportering – obs innsending av reiserekningar Event val av brukarrepresentasjon
Sak	Referat	
8/ 23	Innkalling og sakliste godkjend utan merknad. Leiar Marita ønska velkommen, og gav ei kort orientering om FBU. Helse Førde og kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane har i fleire år hatt eit felles brukarutval som aktivt har teke del i samhandlingsprosjekt på tvers av forvaltningsnivåa.	

	<p>FBU har dei siste åra invitert seg sjølve til møte med dei ulike regionane i gamlefylket. Til dette møtet i nordfjordregionen er aktuelle personar frå administrativ og politisk leiing, samt leiar for eldreråd og leiar for råd for menneske med nedsett funksjonssevne invitert.</p> <p>Målet for møtet var å etablere dialog og kjennskap til kvarandre, med eit særskilt ynskje om informasjon frå kommunesektoren på korleis det vert jobba med organisering av brukarinvolvering/medverknad i eigen kommune.</p> <p>Viktig forventningsavklaring vert - Kva er felles brukarutval si oppgåve for kommunane, og korleis kan dette organet nyttast av kommunane? Felles forståing av utfordringsbilde viktig for å nå felles mål. Kontinuerleg omstilling danner base for framtidig omsorg – leieren synte til verdien av spørsmålet om korleis kan vi alle jobbe med omstilling saman?</p>
9/23	<p>Kort gjensidig presentasjonsrunde mellom møtedeltakarane – i tillegg til utvalsmedlemmane møtte desse;</p> <p>Gloppen kommune Aud-Karin Netland, representant frå eldrerådet Arnfinn Brekke, utvalslleiar- helse og omsorgsutvalet Ivar Halland, leiar for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne <u>Administrasjonen:</u> Gunhild Gimmestad, helse og velferdsjef Synnøve Marie Hestenes, tenesteleiar miljøarbeidartenesta</p> <p>Stad kommune Leiar eldrerådet Lars Svein Drabløs Nestleiar rådet for menneske med nedsett funksjonsevne Odd Rune Heggen Leiar strategi og samordning Kristin Otneim Aarsnes</p> <p>Stryn kommune Kommunalsjef Heidi Wederhus Leiar Helse og sosialutvalet – Aud Løvlid (H) Leiar Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne – Harald Ekroll XXXXXX XXXXXXXX XXXXXXXXXX</p>
10/23	<p>Kommunalsjef helse Heidi Vederhus orienterte om politisk og administrativ leiing i Stryn kommune – sjå eigen presentasjon.</p>
11/23	<p>Kommunalsjef Gunnhild Gimmestad orienterte om organiseringa av helse og velferd i Gloppen kommune – sjå eigen presentasjon. Utvalslleiar Arnfinn Brekke supplerte med informasjon frå det politiske nivået.</p>
12/23	<p>Stabsleiar for strategi og samordning Kristin Otneim Aarsnes og leiar i eldrerådet Lars-Svein Drabløs veksla seg imellom i sin presentasjonen av brukarmedverknad i Stad kommune. Sjå eigen PP. Dei vektla at Stad kommune strekkjer seg etter ideen om samskapings-kommunen, der mellom anna samskaping av Eid sentrum er eit viktig prosjekt.</p>
13/23	<p>Leiar Marita oppsummerte ulike tema frå ei ulike innleiarane til dialogen som nestleiar Jan Tore Odd losa oss gjennom. Odd innleia med sitt fokusområde om grensesnittet for brukarmedverknad mellom helseføretaket og kommunane. Han synte elles til at tema frå handlingsplanen i FBU handla om skrøpelege eldre, rus og psykiatri samt barn og unge, før han inviterte deltakarane til diskusjon og gav ordet fritt med bakgrunn i spørsmålet om kva utfordringar som er størst i helsetenesta i kommunane i dag.</p> <p>Gloppen kommune peika på at ressursane til born og unge overgår tilgjengeleg ressursane til eldre. Framtidsperspektivet om at det krev meir ressursar til eldreomsorg for å oppretthaldet tenestenivået utfordrar forventningane til ressursfordeling. Her vart elles mogelegheit for samlokalisering av tenestetilbod nemd som alternativ. Representanten peikte også på behovet for betre rolleforståing mellom primær- og spesialisthelsetenesta.</p>



	<p>Stryn kommune minte om at brukarrettighetslova ligg til grunn for tenesteytinga, og hevda at kommunane generelt er på etterskot med planlegging iht «Leve heile livet». Dette bør prioriterast i arbeidet med ny samfunnsplan. Elles vart det peika på lønnsvilkår og deltidsheltidskultur, samt at digitale system må «snakke saman» på tvers av tenestene.</p> <p>Stad kommune hadde fokus på at eldrebølga må takast på alvor, og informerte om at Eid eldreråd har invitert HFD til samhandling og dialog om framtida til NSH. Her vart det elles peika på utfordringar knytta til å auke grunnbemanninga i kommunane, skaffe fagpersonell og samlokalisering av tenester, samt digitalisering og ny omsorgsteknologi.</p> <p>Oppsummering etter fleire ulike innspel og generell diskusjon; Kommunane slit stort sett med dei same problema. Store avstandar og for lite personell. Viktig at ein ikkje overbyr kvarandre for å kapre tilsette. FBU takka for eit engasjert møte med mange innspel som vert teke med vidare i utvalsarbeidet.</p>
14/23	<p><u>Open post – brukarane sin time</u> Økonomirapportering frå sekretær syner forbruk pr dato ca 90.000NOK, noko som er relativt høgt såpass tidleg i året. Det vert oppfordra til fortløpande innsending av reiserekningskrav.</p> <p>Informasjon om fellessamling Helse Vest 17. og 18.oktober – meir informasjon vert send på mail når det føreligg lokasjon, program etc.</p> <p>Elin Sørbotten informerte om status frå avtaleutvalet – sjå eigen presentasjon. Informasjon om at dato for erfaringskonferansen vert arrangert på Skei 8.-9.juni. Møtet vart avsluta med informasjon og litt diskusjon om val av brukarrepresentant til FACT-kurs – Marita førespør medlemar som representerer PHV.</p>

